

Høyringsuttale – forslag til endring i Lov om stadnamn

Vi viser til høyringsnotat frå Kulturdepartementet med framlegg til endringar i lov om stadnamn.

Stadnamna utgjer ein del av vår felles kulturarv og er ikkje den enkelte grunneigars eigedom. Det er fellesskapets ansvar å ta vare på dei nedervde stadnamna, både gards- og bruksnamn og andre stadnamn, og dei har fått sitt rettmessige vern ved Lov om stadnamn av 1990.

I gjeldande lov skal skrivemåten på gardsnamn fastsettast ut frå namnets opphavlige tyding, nedervd uttale og gjeldande rettskrivingsreglar. Eigar eller festar kan fastsetje namn på eige bruk. Det gjeld likevel ikkje dersom bruksnamnet fell saman med nedervde stadnamn, oftast gardsnamnet. Gjennom desse prinsippa balanserer den noverande stadnamnlova på ein god måte omsynet til dei ulike interessene, både i lokalsamfunna så vel som i storsamfunnet.

Den førre regjeringa fremja endringsforslag til lova som mellom anna gjekk ut på å oppheve kravet om same skrivemåte av gards- og bruksnamn slik at bruksnamn ikkje treng å rette seg etter skrivemåten på gardsnamn som dei er utleidd av. Dette framlegget møtte stor motstand den gongen, men i det nye framlegget held dagens regjering fast på dette forslaget. Ifølgje framlegget skal grunneigaren få det avgjerande ordet i val av skrivemåte på bruksnamn som språklig og geografisk fell saman med nedervde stadnamn. Departementet foreslår vidare at vedtak i slike tilfelle kan gjerast utan høyring, noko som inneber ei styrking av grunneigarane sine interesser jamført med samfunnsinteressene. Framlegget vil innebere unntak frå hovudregelen om at skrivemåten av namnet i primærfunksjonen skal styre bruken av namnet også i andre funksjonar og bryt med eit viktig prinsipp om at namn som språkhistorisk og geografisk er samanfallande, skal ha same skrivemåte.

Stadnamnlovas § 6 er såleis foreslått endra slik:

Postadresse 7491 Trondheim	Org.nr. 974 767 880 E-post: hi@hf.ntnu.no http://www.hf.ntnu.no/hist	Besøksadresse Bygg 6, nivå 4 Dragvoll 7049 Trondheim	Telefon + 47 73 59 64 40 Telefaks + 47 73 59 64 41	Professor Aud Mikkelsen Tretvik Tlf: + 47 73596449
--------------------------------------	---	--	---	---

- I første ledd, andre punktum blir kontrollen over bruksnamna overført frå Kartverket til eigar eller festar og får slik sett det avgjerande ordet.
- I første ledd, siste punktum blir det innført ein sakshandsamingsregel som tilgodeser grunneigaren.

Stadnamnlovas § 8 er foreslått endra slik:

- Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. *Dette gjeld ikkje dersom eigar eller festar ønskjer ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskje skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring. Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nytt bruk.*

Departementet meiner kulturminneomsyn ikkje blir vesentlig skadelidande om denne lovendringa blir vedtatt. Dette er Institutt for historiske studium ikkje samd i, tvert imot, da skrivemåten som etter gjeldande lov skal liggje nær den nedervde uttalen, er ein vesentlig del av kulturminneverdien av stadnamn. Det blir dessutan feil å kople eigedomsretten til grunnen til eigedomsretten til stadnamnet som er knytt til eigedomen. Stadnamna er, som konstatert innleiingsvis, vår felles kulturarv og må forvaltast som det.

Forslaget om at berre ein kan dokumentere at skrivemåten av namnet har vore brukt, skal det kunne vedtakast, har dessutan store svakheiter. For det første legg ein opp til dokumentasjon utan noko form for kjeldekritikk. Eitt og same namn kan ha vore skrivi i mange variantar, dette på grunn av ulike eller manglande rettskrivingsnormer gjennom tidene, mishøyring og misforståing frå vedkommande skrivjar. Gardsnamnet Venna (gnr. 23 Holtålen) er til dømes blitt skrivi som Venn, Ven, Wenn, Wehn og Wehne, med avleidde bruksnamn som Vennatreet og Vennahaugen.

Gardsnamnet Loddgarden (gnr. 93 i Melhus) har vore skrive Lodgarden og Lodgaard, med avleiingar som Loddgardstrøa.

Viss grunneigar/festar skal få bestemme skrivemåten av namnet på sin eigedom, vil ein kunne få ulike variantar av det same namnet i bruk samstundes. Vidare vil ein kunne oppleve at nye eigarar vil ha ein annan skrivemåte enn det førre eigar ønskte, og vedkommande kan oppnå det ved å leggje fram ei alternativ kjelde som dokumentasjon. Dette må bli den logiske konsekvensen av intensjonen i lovforslaget som held fram den individuelle råderetten over bruksnamna. Endringsforslaget legg såleis opp til stadig tilbakevendande namnesaker. Dagens eigar av *Loddgardstrøa* kunne da eksempelvis komme med dokumentasjon på at namnet var blitt skrive *Lodgaardstrøen* og få vedtatt det som skrivemåte utan vidare. Ved eigarskifte kunne det bli lagt fram ny dokumentasjon og det på ein annan skrivemåte, og dermed måtte *den* gjelde. Forslaget vil også kunne resultere i unødvendig strid om kva skriftform ein skal bruke på bestemte namn og på namn avleidd av gards- eller bruksnamn, til dømes i kommunal samanheng.

På denne bakgrunnen vil Institutt for historiske studium gå imot at Lov om stadnamn blir endra slik det er foreslått for dei nemnde paragrafane.

Aud Mikkelsen Tretvik